



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Våge, Hilde-Lill	Arkivkode: FA - D11
Arkivsaksnr: 15/24	Løpenr: 18/1643
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	22.02.2018	005/2018

Godkjenning av byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane

22.02.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Sp) sa at ho i samband med opninga av idrettsanlegget hadde fått opplyst at kostnaden var om lag 9 millionar kroner, men at kostnaden i byggerekneskapen er 11 millionar. Ho spurde om kva denne differansen skuldast. Administrasjonen kunne ikkje svara på dette spørsmålet i møtet.

Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig) stilte spørsmål om det som står om bruk av "unytta lånemidlar" på side 33 i sakspapira/møteinnkallinga. Han spurde kva unytta lånemidlar dette er. Administrasjonen kunne ikkje svara på dette i møtet. Leiar i kontrollutvalet, Brigt Olav Gåsdal (A), orienterte om at gjennomgangen av byggerekneskapen viser at prosjektet er gjennomført i samsvar med vedteke budsjett/vedtekne rammer.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 005/2018 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for idressanlegget i Hagabotnane.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for idressanlegget i Hagabotnane.

Dokument som er vedlagt:

Partsbrev med uttale frå kontrollutvalet til byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane
Uttalelse byggeregnskap idrettsanlegg
Byggjerekneskap Idrettsanlegget
vedlegg Kunstgrasbane - forskottering av statstilskot (L)(131286)
vedlegg Hagabotnane idrettsanlegg - Val av dekke i halvsirkel og finansiering (L)(139464)

Kva saka gjeld:

Godkjenning av prosjektrekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane.

Bakgrunnfor saka/Fakta:

Kontrollutvalet har handsama byggerekneskapen for idrettsanlegget i tråd med økonomireglement og interkontroll til Samnanger kommune.

Kontrollutvalet skal gje sin uttale til byggerekneskapen for idrettsanlegg i Hagabotnane, og måten den er lagt fram på. Dokument i saka omfattar:

- Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane
- Saksframlegg vedr. Kunstgrasbane – forskottering av statstilskot
- Saksframlegg vedr. Hagabotnane idrettsanlegg – val av dekke i halvsirkel og finansiering
- Vedtak KS 057/2017 – Økonomirapportering pr. nov. 2017

- Deloitte sin uttale til byggerekneskapen

Dokumenta er vedlagt saka.

Utover det som kjem fram av dokumenta i saka, og revisjon sin uttale, finn ein at prosjektet er utført på ein tilfredstillande måte.

Konklusjon

Byggerekneskapen med vedlegg som er lagt fram gjev eit godt og oversiktleg bilete av prosjekt for idrettsanlegget i Hagabotnane.

Kontrollutvalet tiltrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for idressanlegget i Hagabotnane.